

FORSLAG TIL HØYRING

RETNINGSLINER FOR KOMMUNAL TILSKOT TIL NYBYGG, UTVIDING OG REHABILITERING AV BYGG OG ANLEGG FOR IDRETTSFØREMÅL

Tilskotsordningane gjeld

- Nybygg og nye anlegg bygd i regi av frivillige lag og organisasjonar i Sveio kommune
- Rehabilitering/ombygging/utviding av eksisterande bygg og anlegg (ikkje ordinært vedlikehald) i regi av frivillige lag og organisasjonar i Sveio kommune.

Retningslinene garanterer ikkje for at kommunen må gje tilskot til formålet kvart år, men kommunen kan gje tilskot dersom økonomien opnar for det i samband med årleg budsjettbehandling og/eller etter vedtak i kommunestyret om å gje investeringstilskot til større prosjekt.

1. Føremål

Kommunen har som mål å leggje til rette ein framtidsretta og positiv utvikling av bygg og anlegg for idrettsføremål, slik at flest mogleg kan drive med organisert idrett og eigenorganisert fysisk aktivitet i heile kommunen. Kommunale bygg og anlegg, og bygg og anlegg eigd av frivillige lag og organisasjonar, skal gje grunnlag for dette saman. Det er viktig at desse også er sosiale og positive møteplasser.

2. Vilkår for tilskot

Bygg og anlegg kan vere mindre kostnadskrevjande anlegg og/eller nærmiljøanlegg og ordinære idrettsanlegg, som er omtalt og prioritert i dei til ein kvar tid vedtekne kommunale plandokument og/eller handlingsprogram. Bygga og anlegga skal vere opne for all lovleg idrettsverksemd.

Bygg- og/eller anleggseigar plikter å halde anlegg opne for idrettsleg aktivitet i minst 30 år frå bygget og/eller anlegget stod ferdig. For mindre aktivitetsanlegg og nærmiljøanlegg er kravet minst 10 år. Krava gjeld både ved nybygg, utviding og ved rehabilitering. Kommunen kan gjere unntak frå desse vilkåra i spesielle tilfelle, men ikkje dersom bygget/anlegget også får statlege spelemidlar.

3. Kva kan ein søkje om tilskot til?

Kommunen kan gje driftstilskot til både bygg og anlegg, som er eller ikkje er godkjende mottakarar av spelemidlar og/eller andre offentlege og private tilskot. Inkludert i ordninga er tilskot til nærmiljøanlegg. Kommunen set som vilkår for å gje tilskot, at det er søkt om spelemidlar der det er mogleg. Sjå *Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet*, KKD.

Bygg og anlegg i lokalmiljøet som stimulerer og legg til rette for barn og unge sine behov for fysisk aktivitet i organiserte og eigenorganiserte former skal prioriterast spesielt.

Kommunen stiller dei same vilkåra til dokumentasjon i søknader om støtte til bygg og anlegg, som ein gjer for tildeling av statlege spelemidlar. Nye bygg og anlegg skal vera universelt utforma, så langt det er mogleg. Tilskot kan og gå til universell utforming av eldre bygg og anlegg.

4. Tilskot til rehabilitering/ombygging/utviding

Ved rehabilitering/ombygging/utviding av eksisterande bygg og anlegg er prinsippa for tilskot, at tiltaka må være grunngeve i:

- Nye og endra behov med omsyn til aktivitet og areal
- Behov for standardheving
- Tiltak for energiøkonomisering (ENØK)
- Universell utforming/tilrettelegging for funksjonshemma

5. Tilskot til utstyr/inventar

Ordninga gjeld ikkje støtte til innkjøp av utstyr og inventar til bygg og anlegg eigd av frivillige lag og organisasjonar.

6. Saksbehandling

Søknad om investeringstilskot til mindre kostnadskevjangende anlegg og/eller nærmiljøanlegg kan sendast Sveio kommune gjennom heile året. Det blir ytt tilskot på maksimalt kr 150 000 (eller 25%) til desse anlegga. Søknad vil bli behandla administrativt fortløpande etter fullmakt til rådmannen. Det må settast av midlar i fond på driftsbudsjettet til formålet. Tiltak som kan få tilskot frå fondet, er avgrensa til dei til ein kvar tid disponible midlar i fondet. Dersom det ikkje er disponible midlar att i fondet i løpet av året, vil søknad måtte fornyast året etter.

Sveio kommune kan gje tilskot til større investeringar etter søknad, med tilskot maksimalt 25% av godkjent kostnad, avgrensa til beløpet tiltaket får i tilskot frå spelemidlane. For investeringar, med tilskot over kr 150 000, må søknad vere registrert innan 30. juni eller 31. desember. Dersom det ligg føre positivt vedtak om å gje tilskot, skal rådmannen leggje inn øyremerkta midlar i revidert driftsbudsjett for kommande år. Slik vil kommunestyret kunne tas stilling til endeleg prioritering ved budsjettbehandlinga.

7. Utbetaling av tilskot

Vedtatt kommunalt tilskot kan utbetalast så snart revidert regnskap for tiltaket ligg føre. Når tilskot er kr 400 000 eller høgare skal anleggsregnskapet kontrollerast av kommunen sin revisor. Regnskap for tilskot under kr 400 000 kan bli kontrollerte av annan revisor, t.d. organisasjonen sin tillitsvalde revisor.

Etter søknad kan det bli innvilga ein delutbetaling på inntil 85% av innvilga tilskot.